



## Friluftslivets fellesorganisasjon

Adresse: Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO  
Telefon: 23 31 09 80, Telefaks: 23 31 09 89, E-post: post@frifo.no  
Org. nr.: 971 262 834, Bankgiro: 7154.05.51671

---

**Direktoratet for naturforvaltning  
7485 Trondheim**

**25.03.04**

### **SENTRAL HØYRING AV 14 OMRÅDE I SAMBAND MED DET UTVIDA SKOGVERNET - HØYRINGSFRÅSEGN**

Vi viser til dykkar brev av 22.01.04 og 25.02.04 med vedlegg om sentral høyring av 14 område i samband med det utvida skogvernet, og sender med dette over våre kommentarar. Høyringsområda, som er eit utval av verneforsлага i DN- rapport 1999-4, er sendt på sentral høyring etter at Stortinget i november 2003 ga si tilslutning til St. meld. nr. 25 (2002- 2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, der Regjeringa foreslår å auke skogvernet.

#### **FRIFOs generelle syn å på auka skogvern**

FRIFO meiner det er naudsynt med eit auka skogvern for å ivareta eit representativt utval av både dei typiske og dei sjeldne barskogtypane i Noreg, og støttar i hovudsak opp om dei 14 verneforsлага. NINA og SKOGFORSK gjennomførte i 2001- 2002 ei evaluering av det vedtekne skogvernet, og konkluderte med at verneomfanget burde aukast til 4,6 % av det produktiver skogarealet i landet. Etter at den siste verneplanen for barskog fase II vart vedteke, var berre ca. 1 % av den produktive skogen i Noreg freda.

Nær halvparten av dei trua artane i Noreg som står oppført på Raudlista over trua plante- og dyrearter, er knytt til skog. Svært mange av desse artane er knytt til gamal og lite kulturpåverka skogtypar. Da vi dei siste tiåra har hatt eit intensivt skogbruk, har desse skogtypane vorte kraftig redusert i areal, og mange av artane som er avhengige av desse habitata er dermed trua. Auka skogvern er difor naudsynt for å sikre desse habitata, og dermed minske risikoen for tap av det biologiske mangfaldet som er knytt til dei. Det å sikre intakte, samansette og velfungerande økosystem med stort biomangfald og med lang økologisk kontinuitet er ikkje berre viktig for ei bevaring av mangfaldet i seg sjølv. Her kjem både etiske omsyn og nytteargument til.

#### **Tyding av skogvern for natur og friluftsliv**

FRIFO arbeider for å fremje eit aktivt, enkelt og naturvenleg friluftsliv for alle, og å syne at friluftsliv aukar forståinga for vern av natur, og gir fysisk og psykisk helse. Ei oppretthalding og sikring av eit representativt utval av skogtypar med dertil biologisk mangfald er av stor tyding for utbyttet av dette friluftslivet. Det å kunne oppleve flott og økologisk velfungerande og komplekse økosystem er ei viktig kjelde til inspirasjon og undring i naturen, og gir eit viktig grunnlag for naturengasjement. FRIFO meiner gode naturopplevelingar gjennom friluftslivet har ei viktig tyding for å utvikle naturinteresse, naturkunnskap og ikkje minst engasjement for å ta vare på naturen.

Det å sikre ei oppretthalding av eit representativt utval av skogtypar i ulike delar av landet er òg viktig i samband med undervisning og læring om naturen.

Vi vil understreke at FRIFO i verneområde ikkje støttar utstrakt bruk av verneområda, men eit naturvenleg og enkelt friluftsliv som føregår på ein skånsam måte i tråd med verneforskriftene for det enkelte område.

### **Avgrensing av områda og kommentarar til enkeltområde**

Etter ein gjennomgang av samanfatningane av innkomne fråsegner etter lokal høyring og fylkesmennes tilrådingar, merkar FRIFO seg at det særleg er to av områda som brukast til friluftsliv i ein slik grad at det nemnast særskilt. Dette gjeld lokalitet Svingervann (Kristiansand og Songdalen kommunar) og lokalitet Rossefjellet (Grimstad kommune).

Når det gjeld Svingervann, foreslår Fylkesmannen i Vest- Agder ei innskjerping av verneavgjerd kapittel V punkt 7, ved at det i samband med bålbranning på organiserte turar skal takast med ved utanfrå verneområdet. FRIFO har ingen merknader til Fylkesmannens vurdering på dette punktet.

Når det gjeld Rossefjellet, går Fylkesmannen i Aust- Agder inn for at Lundesanden og Lundetjern bør takast ut av verneområdet. Dette fordi områda i stor grad brukast til bading og anna friluftsliv. Fylkesmannen meiner dette kan forsvarast ved at området ikkje inneholder aktuelle verneverdiar og fordi dei blir mykje brukt til organisert og uorganisert friluftsliv. FRIFO har ingen særskilte innvendingar mot Fylkesmannens vurdering så sant det ikkje går nemneverdig ut over vernegrunnlaget. FRIFO støttar i utgangspunktet også vurderinga av at bålbranning ikkje bør vere tillate innanfor verneområdet, men ber om at det vert vurdert om det skal vere lov på Helleren, som er eit særskilt frilufts/turmål.

### **Konklusjon**

FRIFO støttar forslaget til utvida skogvern med bakgrunn i behovet for å sikre trua og typiske skogtypar og det biologiske mangfaldet som er knytt til dei. Når det gjeld dei 14 områda som omfattast av denne høyringa, har FRIFO særskilte kommentarar til to av dei:

**Svingervann:** FRIFO har ingen merknader til Fylkesmannen i Vest- Agders vurdering av at det ikkje bør takast ut ved i verneområdet.

**Rossefjellet:** FRIFO har ikkje særlege innvendingar mot Fylkesmannen i Aust- Agder si vurdering av at Lundesanden og Lundetjern kan takast ut at verneområde grunna utstrakt bade- og friluftsliv. Føresetnaden er at dette ikkje går ut over heilspasverdien av området. FRIFO støttar også fylkesmannens vurdering av at brenning av bål bør vere forbode i verneområdet, men vi ber om at det vert vurdert om det skal vere eit unntak for Helleren.

**Venleg helsing  
Friluftslivets fellesorganisasjon**

**Harald Tronvik  
generalsekretær**

**Kristin Thorsrud Teien  
fagkonsulent, vikar**